

Referat frå Studentparlamentmøtet 04.10.18

Tid 04. oktober 2018 kl 17.00-20.20

Stad Kaarstad 210

Til stades med stemmerett: 11 representantar

AHL: Lars J. Kippervik, Stine-Mari Sjøholt
AKF: Mathilde Gaalaas-Berg, Sigmund Bratlie, Kristine Lerdahl (vara for Sigmund etter at han gjekk frå møtet)
AMF: Julie Hjernstad, Elen Haksø
ASH: David Bernatek, Paloma Lorenzale
FR: Synnøve O. Tangen, Irmelin A. Losvik, Marte Nesfossen

Til stades utan stemmerett:

AU: Simen Langeland (leiar), Tina Wilke (internasjonalt ansvarleg), Erlend A. Rossen (informasjonsansvarleg), Trym N. Rimmen (velfedsansvarleg)
Faste møtande: Bernt Inge Berge (kontrollkomitéen), Kristine Langdal (referent)
Ordstyrar: Vikar Gaute Kornberg (vikar for Oda N Skoglund)
Andre inviterte gjestar: Johann Roppen (rektor ved HVO), Anne Brudevoll (studentrådgjevar ved Studentsamskipnaden)

Varaer: Moona Sikasi El Asri, Andre K. Svarstad, Anri Pani, Marion Gustavsens, Håvard Bjørnerem

Saksnr.	Sak	Type sak	Sakshandsamar
00	Konstituering av Studenttinget 2018-19 - Opprop, val av møteleiing, val av teljekorps	V	Simen
01	Godkjenning av innkalling og dagsorden	V	Ordstyrar
02	Godkjenning av referat	V	Ordstyrar
03	Orienteringar <ul style="list-style-type: none"> • Orienteringar frå AU v/Simen • Orientering frå Faddervekestyret om årets Fadderveke • Evt. orienteringar frå repr. i Høgskulestyret, styret i SiVolda og repr. i råd og utval ved HVO 	O	Simen
04	Språk på parlamentmøter	V	Erlend
05	Møteplan for Studentparlamentet 2018-19	V	Simen
06	Val av studentrepresentantar i råd og utval ved HVO	V	Simen/AU
07	Val av utsendingar til NSO sin haustkonferanse	V	Jeanette
	<i>Pause</i>		
08	Val av studentrepresentant SHOT-arbeidsgruppe	V	Trym
09	Arbeidsprogram 2018-2019	V	Simen
10	Legge til verv Fadderveke-styret	V	Simen
11	Innspel til investeringsbudsjett HVO 2019	V	Simen
12	Sjølvforsvarskurs studentar	D	Kristine Lerdahl
13	Student-natteravn	D	Eirik Westlie
14	Val til arbeidsgruppe - hyttetur for parlamentet	V	Tina
15	Forventningar til året i Studentparlamentet	D	Trym
	<i>Eventuelt</i>		
	<i>Møtekritikk</i>		

Sak 00 – 17/18 Konstituering og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

Namneoppnop.

11 røysteføre. Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

Vedtak:

Gaute Kornberg vert vald til ordstyrar.

Bernt Inge Berge og Kristine Langdal vert valde til teljekorps.

Studentparlamentmøtet 2018- 19

Referat nr 1/18-19

Møtedato 04.10.18

STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Sak 01 – 17/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

Ingen merknad til innkallinga

Til dagsorden:

- Endring av sak 10 frå vedtakssak til diskusjonssak
- Marion Gustavsen ynskjer å legge til orientering om rektorval

Vedtak:

Studentparlamentet godkjenner innkallinga.

Studentparlamentet godkjenner dagsorden, herunder ei ekstra orientering omgjering av sak 10 frå vedtakssak til diskusjonssak

Sak 02 – 17/18 Godkjenning av referat frå 02.05.2018

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

Vedtak:

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist parlamentmøte, 02. mai 2018.

Sak 03 – 17/18 Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Simen Langeland

Arbeidsutvalet v/Simen Langeland orienterte om

Referat nr 1/18-19

Møtedato 04.10.18

- SHOT undersøkelsen arbeidast det mykje med saman med leiinga. Det er nedfelt ei arbeidsgruppe.
- Høgskulen har blitt Miljøfyrtårn- bedrift.
- Psykisk helse dag er onsdag 10.10.2018. Det vil vere markering på BK. Det blir stand, gratis lunsj, yoga og sofaprat.

Faddervekestyret 2018 ved Julie Hjermseth

- Representert ved Julie Hjermseth og Silje Senning
- Mykje arbeid, spesielt sidan ein i styret trakk seg.
- Edruvakter fungerte bra, 2 i styret var edru kvar kveld.
- Styret hadde eit nært samarbeid og eit godt samarbeid med parlamentet.
- Sponsaransvarleg har lært mykje og styret gjorde ein god jobb.
- Vil gjerne ha på plass meir utfyllande retningslinjer for arbeidet spesielt det som gjeld økonomi.
- Meir utfyllande rapportar er sende til AU.

Studentsamskipnaden v Anne Brudevoll

- Orientering av samskipnaden sine tilbod.
- Helsekassa er eit tilbod ved samskipnaden der ein kan søkje om støtte til refundering av eigenandelar ved time hos lege eller psykolog.
- Helsefondet kan gi støtte med inntil 10 000 kr pr semester om ein har store helseutgifter, til m.a. å dekke briller, tannbehandling, transport ved sjukdom/skade.

Leiinga v HVO v Johann Roppen

- SHOT – undersøkinga. Mange slit med psykiske utfordringar av noko. Fleire og fleire rapporterar om dette. Spørsmålet er korleis skal desse tala tolkast? Peder Kjøs seier ein skal vise varsemd når vi tolkar tala. Vi har eit samfunn der det er meir og meir lov å snakke om psykisk helse. Eit anna spørsmål er,- kan det vere vi har større og større forventningar til oss sjølv og til det å få hjelp?
- Godt tiltak med edruvakter under Fadderveka 2018.

Orientering om LMU ved Andrea

- Kva kan vi gjere for å betre læringsmiljøet på skulen? Om de er interessert i å vite korleis det fungerer og er interessert i læringsmiljøet burde du nominere deg til val av LMU-medlemmar.

Rektorvalget ved Marion Gustavsen

- Sit i leitekomite for rektorval. Alle ansatte, studentar og eksterne kan stille. Stiller ein som student skapar det engasjement rundt valet. Ein kan gi beskjed til Marion om ein vil stille sjølv eller nominere nokon. Ein må ha med 5-7 underskrifter ved nominering.

Det vart opna for spørsmål.

Sak 04 – 18/19 Språk på parlamentmøter

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Erlend Ausland Rossen

Studentparlamentet har engelskspråklege blant medlemmane. Arbeidsutvalet v/ Erlend A. Rossen orienterar om dette. Korleis skal ein løyse dette på møta og i sakspapira?

Forslag 1

fremmet av Simen J. Langeland, Leder i AU

Høgskolen i Volda har vedtatt en en språkpolitikk som er vedtatt frå 2014 som omhandler at høgskolens organ skal formidle i hovudsak norsk og nynorsk. Studentparlamentet er et organ med begrensede resurser som allereie strekker seg langt i arbeidet med internasjonale studentar. men eg mener det vil være tidkrevende og svært resurskrevende og endre deler av praksisen til engelsk. Det vil også være krevende på møter og å bytte mellom norsk og engelsk vil etter min mening være unødvendig ettersom veldig mye av arbeidet vi jobber med uansett kommer til å være på norsk. Jeg syntes forslaget om å bruke engelsk er en god ide i teorien men det vil være svært resurskrevende og lite givende i praksis.

Forslag til vedtak: Parlamentet gjør ingen endringer og fortsetter å avholde møter og sakspapirer etc på Norsk.

Studentparlamentmøtet 2018- 19

Referat nr 1/18-19

Møtedato 04.10.18

STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Forslag 2

Fremja av Trym N. Rimmen, velferdsansvarleg og nestleiar i AU

På grunn av at det i år er med fleire internasjonale studentar i parlamentet og i AU vil vi ha språk, skriftleg og munnleg, frå norsk til engelsk. Det gjeld innkalling, sakspapir, referat, høyringar, alle munnlege innspel og diskusjon. Det gjeld ikkje styringsdokument som allereie førelegg.

Grunnen til dette forslaget er for å fremje inkludering for alle studentar ved at alle har like føresetnadar for å delta på møtene. Dette vil tre i kraft frå neste møte til siste møte på vårsemesteret.

Dagens forretningsorden fungerer sånn at utenom saker som gjeld dei internasjonale studentane føregår alt på norsk.

Forslag til vedtak: Endre språk, skriftleg og munnleg, på Studentparlamentmøter frå norsk til engelsk i tidsperioda fom andre møte i haustsemesteret tom siste møte på vårsemesteret.

Det blei opna for spørsmål

Det blei opna for debatt

Forslag 3

Simen trakk forslag 1 og fremja eit nytt.

Forslag til vedtak: Tar saker som omhandler internasjonale på engelsk. Annet på norsk, men jobber vidare med inkludering.

Forslag 4

Det blei fremja eit forslag nr 4 ved Paloma Lorenzale :

Forslag til vedtak: Vi tar alt på engelsk men det som er absolutt umulig å ta på engelsk tar vi på norsk.

Votering og utfall: Duell på forslag. Forslag 3 og 4 blei stilt opp imot kvarandre.

Vedtak: Forslag 3 blei vedteke med 9 stemmer

Sak 05 – 18/19 Møteplan for studentparlamentet 2018-19

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Simen Langeland

Studenttinget skal i fylgje vedtektene (§4.1. bokstav b) ha minimum tre møter på hausten og minimum 4 på våren. Tidlegare praksis har vore å leggje studentparlamentmøta til den siste onsdagen i månaden. Møtetidspunktet har brukt å vere kl. 16.30 med matsservering først, og formell møtestart 17.00.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentmøta blir lagt til tysdagar kl 17.00.

Møtedatoar for studieåret 2018-19:

Endringsforslag:

- Torsdag 4. oktober
- Tysdag 06. november 18
- Tysdag 04. desember 18
- Tysdag 29.januar 19
- Tysdag 26. februar 19
- Tysdag 26.mars 19
- Tysdag 30. april 19

Votering: Einstemmig vedteke.

Vedtak:

Studentparlamentmøta blir lagt til tysdagar kl 16.30.

Møtedatoar for studieåret 2018-19:

- Torsdag 4. oktober
- Tysdag 06. november 18
- Tysdag 04. desember 18
- Tysdag 29.januar 19
- Tysdag 26. februar 19
- Tysdag 26.mars 19
- Tysdag 30. april 19

Sak 06 – 18/19 Val av studentrepresentantar til råd og utval

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsaming: Simen Langeland

Simen Langeland og AU orienterte kort om dei ulike verva, og det vart opna for spørsmål, før studentane stilte til val til dei ulike utvala.

Studentparlamentet gjekk til stemmegiving på kandidatane som stilte til val. Kandidatane heldt valtale på eitt minutt.

Votering: Urneval

Vedtak: Sjå oversikt under

Strategisk studienemnd - Utvikling av studieprogram og kvalitetssikring	2 stud.repr. og to vara. Fagansvarleg i parlamentet (Jeanette Reisig) er fast representant. Parlamentet vel 1 student og 2 vara	Stiler til val Matilde Gaalaas-Berg Elen Haksø	1. Jeanette Reisig 2. Matilde Gaalaas-Berg Vara: 1. Elen Haksø 2. -
Internasjonalt utval Internasjonalisering og utveksling	2 stud.repr. og 2 vara. Internasjonalt ansvarleg i parlamentet (Tina Wilke) er fast representant. Parlamentet vel 1 student og 2 vara	Marion Gustavsens Anri Pani Paloma Lorenzale	1. Tina Wilke 2. Marion Gustavsens Vara: 1.Paloma Lorenzale 2.Anri Pani

Studentparlamentmøtet 2018- 19

Referat nr 1/18-19

Møtedato 04.10.18

<p>Læringsmiljøutvalet (LMU) - Studentane sitt læringsmiljø</p>	<p>4. stud.repr. og 4 vara. Velferdsansvarleg i STiV (Trym Rimmen) er fast representant. Parlamentet vel 3 studentar og 4 vara</p>	<p>Stiller til val Stine Mari Sjøholt, Lars Kippervik , Irmelin Losvik , Marte Nesfossen, Julie Hjernstad, David Bernatek, André Kjerpeseth Svarstad</p>	<p>1. Trym Rimmen 2. Julie Hjernstad 3. Stine Mari Sjøholt 4. David Bernatek Vara: 1. Irmelin Losvik 2. Marte Nesfossen 3. Lars Kippervik 4. Andre Kjerpeseth Svarstad</p>
<p>Tilsetjingsutvalet for undervisings- og forskingsstillingar (TUFO) - Tilsetjing av faglege tilsette ved HVO</p>	<p>2 stud.repr. og 2 vara. Leiar i STiV (Simen Langeland) er fast representant. Parlamentet vel 1 student og 2 vara</p>	<p>Jeanette Reisig</p>	<p>1. Simen Langeland 2. Jeanette Reisig Vara: 1. - 2. -</p>
<p>Klagenemnda - Handsaming av klager og fusk</p>	<p>2 stud.repr. og 2 vara. Parlamentet vel 2 studentar og 2 vara</p>	<p>Trym N. Rimmen, Andre K. Svarstad, Marion Gustavsen, Håvard Bjørnerem</p>	<p>1. Håvard Bjørnerem 2. Trym N. Rimmen Vara: 1. Marion Gustavsen 2. André K. Svarstad</p>
<p>Valstyret - Val av høgskulestyre og rektor</p>	<p>2 stud.repr. og 2 vara. Informasjonsansvarleg i parlamentet (Erlend A Rossen) er fast representant. Parlamentet vel 1 student og 2 vara</p>	<p>Håvard Bjørnerem</p>	<p>1. Erlend A Rossen 2. Håvard Bjørnerem Vara: 1. -</p>
<p>Skikkanemnda - Vurdering av studentars skikkaheit til yrket</p>	<p>2 stud.repr. og 2 vara. Parlamentet vel 2 studentar og 2 vara</p>	<p>Andrè K. Svarstad, Irmelin Losvik, Stine Mari Sjøholt,</p>	<p>1. Stine Mari Sjøholt 2. Irmelin Losvik Vara: 1. Andrè K. Svarstad 2.</p>
<p>Forskningsutvalet - Forsking og utvikling</p>	<p>2 stud.repr. og 2 vara. Fagansvarleg i parlamentet (Jeanette Reisig) er fast representant. Parlamentet vel 1 student og 2 vara</p>	<p>1. Andre K. Svarstad, Synnøve, Marte Nesfossen</p>	<p>1. Jeanette Reisig 2. Synnøve O. Tangen Vara: 1. Marte Nesfossen 2. Andrè K. Svarstad</p>

Sak 07 – 17/18 Val av representantar til NSO sin haustkonferanse

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Jeanette Reisig

NSO sin haustkonferanse går føre seg 26.-28. oktober i Drammen. Studentparlamentet i Volda er invitert til å sende 2 deltakarar på konferansen. Jeanette Reisig orienterte om saka, før det var ope for spørsmål og debatt.

AU sitt forslag til vedtak: Studentparlamentet vel 2 studentrepresentantar til NSO si haustkonferanse 2018.

Kandidatar som stilte til val: Irmelin Losvik og André K. Svarstad

Kandiatane heldt valtale i om lag 1 minutt.

Votering: Akklamasjon

Vedtak: Irmelin Losvik og André K. Svarstad vart valde til Studentparlamentet sine representantar på NSO si haustkonferanse 2018.

Sak 08 – 17/18 Val av representant til SHOT - arbeidsgruppe

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym N. Rimmen

HVO har satt saman ei arbeidsgruppe beståande av prorektor, velferdsansvarleg i AU, studentrepresentant frå Studentparlamentet og representant frå Studentsamskipnaden som skal arbeide med SHOT – undersøkelsen og vidare tiltak ut i frå resultata i den. Trym orienterte om saka og det vart opna for spørsmål.

AU sitt forslag: Det vert vald ein representant frå Studentparlamentet til å vere med i arbeidsgruppa.

Kandidatar som stilte til val: Irmelin Losvik, Julie Hjermseth

Votering: Urneval

Vedtak: Julie Hjermseth blir vald til studentrepresentant i SHOT-arbeidsgruppa

Studentparlamentmøtet 2018- 19

Referat nr 1/18-19

Møtedato 04.10.18

STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Sak 09 – 18/19 Arbeidsprogram 2018 – 2019

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsaming: Simen Langeland

Simen orienterte om saka. Redaksjonelle endringar: AU må endre frå Studenttinget til Studentparlamentet alle stadar det kjem i løpet av dokumentet.

Det blei opna for spørsmål.

Forslag til vedtak: Parlamentet sluttar seg til arbeidsprogrammet 2018-2019.

Vedtak: Parlamentet slutter seg til arbeidsprogram for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda 2018-2019.

Sak 10 – 18/19 Legge til verv i Fadderveke-styret

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsaming: Simen Langeland

Saka vert utsett til neste møte

Sak 11 – 18/19 Innspel til investeringsbudsjettet 2019

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsaming: Simen Langeland

Simen orienterte om saka. Parlamentet skal kome med forslag til Høgskulen sitt investeringsbudsjett for 2019. Parlamentmedlemmane arbeida i grupper avdelingsvis. Forslaget til vedtak i saka er at dei forslaga parlamentet stemmer fram er dei innspela som blir meldt inn til HVO frå Studentparlamentet.

Vedtak: Dei 4 sakene innspela under blei røysta fram, i prioritert rekkfølge:

1. Støtte til kjøp av digitale verktøy for digitalisering av lærer og barnehageutdanning, og studentpriser på programvarer i Adobepakken.
2. Ei rådgjevarstilling på skulen som kan rettleie og støtte for studentar med dysleksi t.d hjelp til oppgaveskriving og tilrettelegging for desse studentane.
7. Fokus på sosialt miljø, lage til sosialt opphaldsrom på BK og kjøpe inn sofa, pin-pong bord og lage til cafe i lounge på BK.
3. Oppgradere luftsystema i klasseroma.

Sak 12 - 18/19 Sjølvforsvarskurs for studentar

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsaming: Simen Langeland/Kristine Lerdahl

Kristine Lerdahl orienterte om saka. Varg Kampsport og Fitness driv sjølvforsvarskurs blant anna i Volda og Ulsteinvik. Studentparlamentet diskuterte om dette kan vere noko for studentar, og kva aktørar som eventuelt kan kontaktast.

Det blei opna for diskusjon.

Sak 13 – 18/19 Studentnatteravn – utsatt

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsaming: Simen Langeland/Eirik Westlie

Saka vart utsett til neste møte

Sak 14 -18/19 Val til arbeidsgruppe – hyttetur Studentparlamentet

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsaming: Tina Wilke

Studentparlamentmøtet 2018- 19

Referat nr 1/18-19

Møtedato 04.10.18

STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Tina orienterte om saka. AU foreslår at parlamentet vel 3 kandidatar til arbeidsgruppa.

Kandidatar som stiller til val: Julie Hjermseth, Irmelin Losvik, Elen Haksø

Vedtak: Julie Hjermseth, Irmelin Losvik, Elen Haksø blei vald inn i arbeidsgruppa ved akklamasjon

Sak 15 – 18/19 Forventningar til året i Studenttinget

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: Trym N. Rimmen

Trym spurte medlemmane om deira forventningar til året. Det vart opna for diskusjon.

Møteslutt kl 20.20